



Referat frå årsmøtet til foreldrerådet v/Undheim skule 04.06.24

Tilstades:

Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Serina F Sikveland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Silje Taksdal, Iselin Gilje Sikveland, Gunn Årdal Helland, Camilla Aanestad.

Godkjenning av innkalling og årsmelding inkl rekneskap:

Innkalling via 'Min Skole' og klassevise messenger-grupper.

Gjennomgang av årsmelding (jf eige dokument) med påfølgande samrøystes godkjenning utan vesentlege innvendingar.

Sak 1: Disponering av klassekasse for 7. trinn

- Saka vart meldt inn til årsmøtet via referat frå FAU-møte 06.05.24: 'Spørsmål omkring avslutning av klassekassen til 7. klasse. Ein vedtok i 2022 (ved avstemming der samtlege foreldre hadde høve til å delta) at kr 1000-2000,- skulle fylgja elevane til Lye for å finansiera klassetur – elevar som har valt Tryggheim har fått tilsvarende beløp utbetalt. Nå ser det ut til at årets 8. klassetur vert den siste i nåverande form, og det vil difor vera naturleg å gjera nytt vedtak når det gjeld avslutning av klassekassen for 7. klasse. Dette vert ei sak for årsmøtet. Forslag til ordlyd: *Klassekassen avsluttast etter fullført 7. klasse. Restbeløp går til FAU som administrerer pengane til kjekke opplevingar for alle elevane på Undheim skule.*'
- Frammøtte ved årsmøtet kunne informera om at klassetur for 10. trinn ved Lye skule inntil vidare ser ut til å verta vidareført år for år. Slik sett er ikkje situasjonen vesentleg endra sidan 2022. Årsmøtet vedtok mot èi stemme at gjeldande ordning vert ført vidare, men med ei justering i retning av å prioritera avslutningsfesten for 7. trinn: Pengebeløp på 7. klasse sin klassekonto, inkl overskot frå 17. mai-dugnad, skal først og fremst gå til avslutningsfest for klassen. Evt resterande midlar kan fylgja elevane vidare til ungdomsskulen som bidrag til skuletur i 10. klasse (+/- kr 1000,- per elev vil ligga nært det elevane på Lye har med seg frå sitt 17. mai-arrangement). Klassekonto kan ikkje avsluttast før evt klassetur er avklart og pengane kan overførast til turkomitè. Elevar som går til andre ungdomsskular får tilsvarende beløp utbetalt etter første FAU-møte påfølgande haust. FAU-leiar har ansvar for denne utbetalinga.

Sak 2: Første FAU-møte til hausten: 27.08.24 kl 19.

Referent Knut Undheim